

Myklebust Grunneigarlag DA

v/ Rune Rindal

Øvre Myklebust

6737 Ålfoten

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

Høyring saksnummer 202317079 TAMPEN - INNSPEL FRÅ MYKLEBUST GRUNNEIGARLAG I ÅLFOTEN ORG.NR. 990 261 946

1. Innleiing

Vi viser til høyring med saksnummer 202317079 - Tampen Kraft frå land melding om nettanlegg med forslag til utredningsprogram. På vegne av samtlege grunneigarar på Myklebust i Ålfoten gnr. 115, gjev Myklebust Grunneigarlag DA hermed våre innspel til høyringa. Frist for høyring er i e-post frå NVE v/Martine Hamnes akseptert utsett til 11. april 2025. Våre innspel til høyringa er dermed rettidig.

Innhold

1. Innleiing	1
2. Oppsummert våre innspel	3
3. Kommenterar til førebels prosess.....	4
4. Våre kommenterar i forhold til manglar i Equinors forslag til konsekvensutgreiing	5
5. Innspel til alternativ som bør greiast ut utover dei som er melde	6
5.1. Bruk av eksisterande 132 kV linje frå Ålfoten trafostasjon til Svelgen trafostasjon og vidare til Hennøy	6
5.2. Grov	6
5.3. Sjøkabel til Lunden trafostasjon.....	7
5.3.1 Landtak og landstasjon i tilknytning til Lunden Trafostasjon.....	9
5.4. Bruk at eksisterande 132 kV linje Ytre Ring til Rugsundøy med sjøkabeltrase 5.0 – med etablering av landtak og landstasjon på Rugsundøy.....	9
5.5. Sjøkabel til Lutelandet – landtak og landstasjon i tilknytning til eksisterande 132kV i Lutelandet vindpark	10
5.6. Kommentar til plassering av landstasjon	11
6. Innspel til Equinor sine melde leidningstrasèar	12
6.1. Trasèval 1.0 Ålfoten-Bortnen samt 2.0 Ålfoten-Sætrefjellet	12
6.1.1. Særskilde kommenterar til traseval 2.0	13
6.2. Landstasjon Myklebustdalen.....	13
7. Avslutning	14
8. Vedlegg:.....	14
8.1 Oversikt alternative løsnings	14
8.2 Oversiktsplan alternative løsnings	14
8.3 Trasèer og påkoblingspunkt.....	14
8.4 Myklebustdalen mulige løsnings	14

2. Oppsummert våre innspel

- Ved eit tiltak i vårt område (Ålfoten), er det vårt klare innspel at eit tiltak må skje med størst mogeleg bruk av eksisterande linjenett 132 kV linje. NVE må sikre at Equinor i samarbeid med Linja AS avklarar kapasiteten i linjenettet og at denne vert utnytta før ein gjer nye og inngripande tiltak. Vi viser her til våre innspel til alternativ inntatt i punkt 5 under i prioritert rekkefølge. Vi ber om at NVE sikrar at ledige kapasitetar vert lagt fram/gjort kjent.
- Ved bygging av nye nett/linjer, må dette gjerast på ein måte som er mest mogeleg samfunnsnyttig for lokalsamfunnet i regionen. Vi viser her til behovet for auka kapasitet i Flora-området og mogeleg trafostasjon på Grov.
- Vidare må landstasjon (60 Hz) lokalisast på ein slik måte at linjenettet kan nyttiggjerast av andre, då 60 Hz frekvens er ein uvanleg frekvens. Landstasjonen bør plasserast så nært ilandføring av sjøkabelen frå Tampen som mogeleg, slik at nettet kan nyttast til andre abonnentar.
- Når det gjeld meldt trasé 1 og 2, er desse foreslått lagt i eit viktig friluftsområde. Området har viktige kulturminne, og er eit sentralt brunstområde for hjort med anna verneverdig dyre og fugleliv. Traséval 2 er også forslått lagt i/svært tett på urskog i eit område som er verna. Vi ber om at våre innspel til trasèendringar med større grad av samlokalisering blir tekne inn i utgreiingane.

3. Kommenterar til førebels prosess – manglande informasjon til grunneigarane på Myklebust i Ålfoten

Innleiingsvis vil vi kort kommentere at det i meldinga til Equinor datert november 2023 er vist til at grunneigarane er informert om dei melde tiltaka. Informasjonen skal vere gitt per telefon i perioden 15.04.-30.05.2023. Grunneigarane på Myklebust i Ålfoten har ikkje motteke noko informasjon i denne perioden eller på nokon måte vore i dialog med Equinor eller andre vedrørande mogelege tiltak på vår eigedom. Grunneigarane, med enkeltunntak, mottok fredag 21. februar 2025 invitasjon til eit dialogmøte i Svelgen måndag 24. februar 2025 i forkant av folkemøtet i saka.

Tre av grunneigarane møtte på møtet med Equinor, og gav klar tilbakemelding på at vi ikkje har motteke informasjon i saka. Det har dermed ikkje vore noko dialog med Equinor i førekant av folkemøtet. I folkemøtet viste Equinor likevel til at det har vore god dialog med grunneigarane. Vi stiller oss undrande til at Equinor kan hevde dette.

4. Våre kommentarar i forhold til manglar i Equinors forslag til konsekvensutgreiing (utgreiingsprogram)

Innleiingsvis vil vi vise til at det er vår forståing at Equinor gjennomgåande ikkje har vore i dialog med Linja som regionalnetteigar, eller Statnett som eigar av eksisterande trafostasjon i vårt område (Ålfoten) vedrørande mogelege tiltak på vår eigedom. Equinor har, slik vi ser det, såleis ikkje avklart moglegheitene i området eller søkt kunnskap for å finne best mogeleg løysing sett frå både eit kostnadseffektivt/samfunnsøkonomisk perspektiv eller for å unngå unødige inngripen eller nedbygging av natur.

Equinor har i møte med grunneigarane på Myklebust den 5. mars 2025 stadfesta at dei fyrst nyleg har teke kontakt med regionalnetteigar Linja AS. Vidare erkjente Equinor at kontakta med Linja har starta for seint. Equinor har dermed ikkje klarlagt eller vore i dialog med Linja i forhold til kva mogelege løysingar/alternativ som finnast i området – herunder om eksisterande nett kan utnyttast og/eller kva som er best plassering i forhold til eventuelle nye nett.

Vidare stadfesta Equinor i dialogmøte den 24. februar 2025 at Equinor ikkje har vore i dialog med Statnett i forhold til plassering av trafostasjon i Myklebustdalen i Ålfoten og mogeleg samlokalisering på Statnett sitt område. Vi viser her særleg til at Statnett har bandlagt eit stort område utover området brukt til eksisterande trafostasjon. Dette er slik vi ser det klare manglar med den foreløpige utgreiinga. Equinor har ikkje gjort vurderingar av kva moglege løysingar som vil vere mest samfunnsmessig økonomiske og/eller som gir minst inngripen.

Gjennomgåande ser vi også at Equinor i vårt område (Ålfoten) ikkje har vurdert samlokalisering med eksisterande nettanlegg.

5. Innspel til alternativ som bør greiast ut utover dei som er melde

5.1. Bruk av eksisterande 132 kV linje frå Ålfoten trafostasjon til Svelgen trafostasjon og vidare til Hennøy

Vi har i samband med utarbeiding av våre innspel, bede både Equinor og Linja om innsyn i kapasitetane i linjenettet via Svelgen trafostasjon på eksisterande 132 kV frå Ålfoten trafostasjon til Hennøy utan å få svar. Basert på opplysningar vi har innhenta andre vegar, er det mindre modifikasjonar som må gjerast for at det eksisterande linjenettet kan nyttast. Dette sjølv om det skjer utbygging av Fortescue sin ammoniakfabrikk på Holmaneset. Vi ber difor NVE sikre innsyn i kapasitetsvurderingane på eksisterande linjenett og trafo i Svelgen.

I liket med kommentar stilt av SFE Produksjon AS i deira høyringsuttale stiller vi også spørsmål til om alternativa Equinor ønsker utgreia er i tråd med NEM-forskrifta og Energilova sin formålsparagraf. Vi stiller spørsmål med er at Equinor ønsker å etablere eit nytt høgspennnett i eit område der det, som vist til ovanfor, alt er tilgjengeleg 132 kV nett med Linja som netteigar. Å ha to parallellførande 132 kV nett gjennom Ålfoten er ikkje samfunnsnyttig og vil i tillegg gje store unødige naturinngrep.

Vi ber dermed om at NVE sikrar ei grundig utgreiing av dette alternativet, herunder at både Linja og Equinor bidrar aktivt i utgreiinga.

5.2. Grov

Vi viser til at det er klart signalisert frå næringslivet samt politisk hald i regionen at det er eit ønske med utbygging av Grov trafostasjon då det i Flora-området er manglande tilgang på straum. Ved å sjå utbygging av Tampen i samband med behovet for straum i Flora-regionen, vil ein kunne unngå unødig utbygging i Ålfoten-området og dei andre områda inntatt i utgreiinga, og utbygginga vil kunne gje ei positivt samfunnsøkonomisk bidrag i regionen. Dette alternativet må etter vår vurdering klart utgreiast som eit alternativ. Vi ber dermed om at NVE sikrar ei grundig og god utgreiing av alternativ ved bruk av Grov.

Vi stiller også spørsmål til om det frå Equinor si side kan vanmodas om at Statnett prioriterer Grov. Vi viser også til høyringsuttaler gitt av Kinn kommune, Bremanger kommune med fleire vedrørande Grov, og stiller oss bak desse.

Hovud insentivet med denne elektrifiseringa er økonomisk. Equinor syner til ein årleg CO2-kvote kost på 2 MRD NOK årleg får 2030. Dei hevdar at ein ny trafo frå 420 kV -132 kV på Grov kjem for seint, og forutset at dei sjølve er ferdig med si utbygging innan 2030.

For oss ville det vore naturleg at overordna myndigheit gav Statnett marsjordre på Grov Trafostasjon, og at Equinor får ordre om å forholde seg til det same. Ei eventuell forseinking som fører til midlertidige kjøp av klimakvotar kan vegast opp nytten av at Sunnfjordregionen får styrkt 132-nettet.

Fagfolk vi har vore i kontakt med stiller seg tvilande til om Equinor vil klare å ferdigstille fastlandsdelen av sitt innan 2030. Viss dette blir realiteten vil vi stå i ein situasjon der eit alternativt blei valt på feilaktig grunnlag. Generelt ber vi difor om at NVE sikrar gode prosessar kring vurdering av byggetid.

5.3. Sjøkabel til Lunden trafostasjon

Øksenelvane kraftverk i Ålfoten har direkte tilgang til sjø/Nordfjorden. Eit alternativ som vi ber om blir utgreia er bruk av 132 kV 50 Hz sjøkabel frå Lunden

Trafostasjon/Øksenelvane kraftverk til utløpet av Nordfjorden, alternativt at kabel vert lagt via Lefdal Trafostasjon for å styrke tilførselen til eit av prosjekta som ligg i Statnett sine kapasitetskør (sjå utdrag under). Dette vil kunne vere med på å styrke kapasiteten på kysten/ytre del av Nordfjord og vil kunne gje samfunnsøkonomiske positive ringverknader. Vi tek ikkje stilling til plassering av Equinor sin landstasjon i dette alternativet

Saksnr.	Stasjon for ti	Statnetts kur	Sluttkunde	Næringstype	Dato - bestilt	Reservert kap	Dato for når	Planlagt dato
21/00298	Ålfoten	Linja AS	Lefdal Mine datacenter	Datasenter	13.12.2021	60	30.10.2018	01.09.2024
22/00667	Ålfoten	Linja AS	FFI	Hydrogen/ammoniakk	20.01.2022	300	11.10.2023	27.08.2027
22/00761	Ålfoten	Equinor Asa	Equinor ASA	Petroleum	20.12.2022	180	23.03.2025	30.12.2030
21/00007	Ørskog	Linja AS	Plug AS, Hurtigruta, Fylke	Transport	23.04.2021	19,7	08.12.2020	
21/00063	Ørskog	Linja AS	Hofseth Aqua	Oppdrettsnæring	02.07.2020	62	05.12.2023	30.01.2029
22/00600	Ørskog	Linja AS	Norwegian Hydrogen	Hydrogen/ammoniakk	07.02.2022	20	05.12.2023	26.02.2026
21/00440	Moskog	Linja AS	Nordic Mining	Industri	19.02.2023	10	24.10.2021	29.10.2026
21/00441	Moskog	Linja AS	Bulandet Miljøfisk	Oppdrettsnæring	12.02.2023	4	24.10.2021	01.10.2025
23/00869	Moskog	Linja AS	HyFuel AS	Hydrogen/ammoniakk	12.02.2023	20	21.09.2023	28.10.2027
23/01043	Moskog	Linja AS	Havlandet Matfisk AS	Oppdrettsnæring	29.06.2023	15	21.09.2023	30.01.2029

Figur 1 Utdrag frå Statnett tabell for reservert kapasitet

Saksnr.	Stasjon for tilknytning i	Områdeplan	Statnetts kunde	Sluttkunde	Næringstype	Dato for mod	Kapasitet i kV	Kundens øns
23/00826	Ørskog	Sogn og Sunr Linja AS	Norwegian H	Hydrogen/ar	25.01.2023	250	30.12.2025	
23/00863	Moskog	Sogn og Sunr Linja AS	North Ammc	Hydrogen/ar	06.06.2024	200	03.01.2027	
22/00761	Ålfoten	Sogn og Sunr Equinor Asa	Equinor ASA	Petroleum	20.12.2022	180	30.12.2030	
25/01967	Ålfoten	Sogn og Sunr Linja AS	Lefdal Mine I	Datasenter	17.10.2024	120	31.12.2031	
23/01101	Moskog	Sogn og Sunr Linja AS	Blastr Green	Industri	16.08.2023	70	29.06.2027	
24/01742	Fortun	Sogn og Sunr Linja AS	Hydro alumii	Industri	03.09.2024	56	30.12.2029	
24/01489	Ørskog	Sogn og Sunr Linja AS	Ocean Gem A	Oppdrettsnæ	29.01.2024	21	30.06.2027	
23/01099	Moskog	Sogn og Sunr Linja AS	HTwo-Fuel A	Hydrogen/ar	28.08.2023	20	30.12.2027	
23/01196	Høyanger	Sogn og Sunr Linja AS	Hydro alumii	Industri	05.12.2022	13	30.12.2029	
24/01708	Ålfoten	Sogn og Sunr Linja AS	Nordfjord Ha	Transport	04.06.2024	12	31.05.2026	

Figur 2 Utdrag frå Statnett sin kapasitetskø

Ved ei eventuell utbygging av Brevatn prosjektet i Ålfoten vil 132 kV nett frå Ålfoten til Ålfoten Trafostasjon bli ein flaskehals. Vi forstår det òg slik at vår foreslåtte trasé frå Lunden Trafostasjon vil bidra positivt til kraftbalansen i regionalnettet då dette vil kunne snu ny produksjon i Øksenelvane vekk frå Ålfoten Trafostasjon.

Dette alternativet må etter vår vurdering klart utgreiast. Vi ber dermed om at NVE sikrar ei grundig og god utgreiing av bruk av sjøkabel til Lunden/Øksenelvane.

Vi viser til illustrasjon inntatt under, avmerkt med alternativ 6



Figur 3 Sjøkabel til Lunden Trafo vist som alternativ 6


5.3.1 Landtak og landstasjon i tilknytning til Lunden Trafostasjon

Som eit alternativ kan 60 Hz kabel førast heile vegen frå Lunden/Øksenelvane, med landtak og landstasjon der. Vi viser til at det er oppstart av renovering/nyutbygging av Øksenelvane kraftverk der ei eventuell utbygging av landstasjon og landtak kan gjerast i samband med oppgradering av Øksenelvane kraftverk, inklusiv bruk av masse som blir tatt ut i samband med utbygginga.

5.4. Bruk at eksisterande 132 kV linje Ytre Ring til Rugsundøy med sjøkabeltrase 5.0 – med etablering av landtak og landstasjon på Rugsundøy.

Vidare viser vi til at det føreligg eksisterande linje 132 kV Ytre Ring til Rugsundøy med moglegheit for utnytting av kapasitet i eksisterande nett. Vi meiner eit alternativ med å nytte eksisterande 132 kV-trasé frå Ålfoten Trafo fram til Rugsundøy der det blir etablert landtak og landstasjon. Dette alternativet må etter vår vurdering klart utgreiast. Vi ber dermed om at NVE sikrar ei grundig og god utgreiing av bruk av Ytre Ring som alternativ.

Vi viser til illustrasjon inntatt under avmerkt med alternativ 5.




Figur 4 Alternativ med sjøkabel til Rugsundøy og bruk av eksisterende 132 kV linje til Ålfoten Trafo vist som nummer 5

5.5. Sjøkabel til Lutelandet – landtak og landstasjon i tilknytning til eksisterende 132kV i Lutelandet vindpark

Som eit øvrig alternativ vi ber om vert nærare utgreia er sjøkabel til Lutelandet – landtak og landstasjon i tilknytning til eksisterende 132 kV i Lutelandet vindpark.

Dette alternativet må etter vår vurdering klart utgreiast. Vi ber dermed om at NVE sikrar ei grundig og god utgreiing av bruk av sjøkabel til Lutelandet vindpark.

Vi viser til illustrasjon inntatt under avmerkt med alternativ 3. Sjå og vedlagde kart.



Figur 5 Lutelandet synt som alternativ 3

5.6. Kommentar til plassering av landstasjon


Vi forstår det slik at Equinor ved landstasjon skal endre frekvens frå 50 Hz til 60 Hz. Dette er ein unormal frekvens og kan dermed ikkje nyttast anna enn offshore. Ved utbygging av nett frå landstasjonen, vil nettet dermed ikkje kunne nyttast til andre abonnentar. Ei plassering av landstasjon bør dermed skje så nært som mogeleg ilandføringa av sjøkabelen frå Tampen, for at nettet i størst mogeleg grad skal kunne nyttast til andre tiltak. Dette vil også kunne gje positiv samfunnsøkonomisk verdi og/eller reduserte naturinngrep på land. Ei optimal plassering av landstasjon for i størst mogeleg grad å kunne utnytte nettet, bør dermed utgreiast og gjennomgåande vektleggjast i utgreiinga.

6. Innspel til Equinor sine melde leidningstrasèar

Generelt for alle melde traséval, vil vi innleiingsvis vise til at det bør skje mest mogleg samlokalisering med eksisterande linjenett i vårt område. Vi viser også til våre alternativ inntatt over.

6.1. Traséval 1.0 Ålfoten-Bortnen samt 2.0 Ålfoten-Sætrefjellet

Når det gjeld traséval 1.0 og traséval 2.0 omtalar vi desse samla, men der vi med særskilde merknader til traséval 2.0 har omtalt desse under.



Vi vil innleiingsvis kommentere at Equinor i si melding pkt. 7.3 på side 18 viser til at traséen er lagt gjennom friluftsområdet i Karlskaret. Equinor er tydelegvis kjend med at området er lysløype, skytebane og brukt til tur av barnehage, skule samt vaksne. Equinor viser likevel til at det er eksisterande luftleidning og at ei ny ikkje vil vere eit stort framandelement. Vi vil her kommentere at skianlegget er sentralanlegg for skisport i Bremanger kommune der det det siste året er investert over MNOK 2 i oppgradering av anlegget i tillegg til at lokalsamfunnet har lagt ned eit betydeleg antal dugnadstimar. I tillegg er det eit moderne skyteanlegg med 100 m- og 200 m-baner som er DFS-godkjent med elektroniske skiveanvisning. Der er også eit større felles klubblokale for skyting og ski. Dette er såleis eit område med stor verdi for lokalsamfunnet og der ei ny linje, slik vi ser det, vil forringe anlegget betydeleg.

I området er det også ei merka turløype som vert brukt av lokalbefolkninga til Karlskareggja.

Myklebust-dalen i Ålfoten er eit sentralt område for hjortebestanden i Norge. Hjortejakt er ei viktig næring for grunneigarane i tillegg til ein viktig friluftaktivitet. Området som trasé 1 og 2 er lagt igjennom i Rotnemyr-området, er eit særdeles viktig brunstområde. Det er også eit av dei beste jaktområda i dalen. Å legge ei linje som deler opp området meir, vil kunne gje svært negative konsekvensar.

Vi er også kjend med at det dei siste åra er gjort fleire observasjonar av hubro i dette området.

Vi ber dermed om at NVE sikrar at det vert gjort kartlegging som er utført av fagfolk innanfor storvilt og fugl.

I området ved Dalset-vatnet frå austenden, langs vatnet på nordsida til vest for vatnet, ligg den såkalla Gamle Dalset-vegen. Denne vegen vart nytta som veg for transport frå Ålfoten til vårsetra på Dalset. Den er delvis oppmura i stein. I følge kjeldene var Dalset-setra teke i bruk som vårseter tidleg på 1600-talet. Setra vart brukt til dyrehald til fyrst på 1900-talet. Det er i dag merka kultursti som er mykje brukt. Området har dermed stor kulturhistorisk verdi. Det er sel og hytter på Dalset som vert brukt jamleg. Slik traseane er lagt, vil linja krysse Gamle Dalset-vegen. I tillegg vil den kome svært nær hyttene/sela.

6.1.1. Særskilde kommentarar til traseval 2.0

Vi viser til kart innteke i meldinga side 23, figur 7-5. Av FOR 1999-12-17-1457 Forskrift om freding av Sør-dalen som naturreservat, Bremanger kommune, Sogn og Fjordane følgjer det i pkt. III at

«Formålet med fredinga er å sikre eit skogområde med alt naturleg plante- og dyreliv. Av spesielle kvaliteter kan nemnast at furuskogområdet har uvanleg sterkt urskogpreg.»
(vår understreking)

Vi registrerer at Equinor i sitt traséval vel å legge denne så nært som 40 (!) meter opptil grensa for naturreservat med uvanleg sterkt urskogpreg. Også i området utanfor naturreservatet, er det skog av same typen som innanfor grensene. Dette er dermed urskog som har stor verdi i Norge generelt der under 2 % av skogen er klassifisert/definert som urskog – og ein skogstype som er endå sjeldnare så langt vest i Norge. Å kartlegge området også utanfor naturreservat-grensa i forhold til at det er urskog, er dermed svært viktig å gjennomføre.

6.2. Landstasjon Myklebustdalen

Vi viser til kommentar over vedrørande plassering av landstasjon.

Den planlagde landstasjonen på Myklebust i Ålfoten tar eit svært stort areal sentralt i Myklebustdalen og tett innpå eit mykje nytta kulturlandskap ved Myklebustsetra. Dette er også eit område med ei av dei viktigaste jaktrutene for drivjakt av hjort i dalen. I forhold til plassering av ein eventuell landstasjon, ber vi om at det vert sikra at det blir gjort minst mogeleg inngripen i naturen/landskapet. Det bør sikrast utgreiing av mogeleg samlokalisering på Statnett sitt område. Vi viser her særleg til at Statnett har bandlagt eit stort område utover området brukt til eksisterande trafostasjon.

7. Avslutning

Som vist til innleiingsvis, har vi opplevd ein fråverande dialog frå Equinor si side og svært lite informasjon i saka. Vi ber om at NVE sikrar at vi vert tidsriktig informert i saka. Om ønskeleg, kan vi sende over postadresser, telefonnummer og e-postadresser til samtlege grunneigarar dersom NVE ikkje har dette lett tilgjengeleg.

Med vennleg helsing



Rune Rindal

på vegne av grunneigarane på Myklebust i Ålfoten/Myklebust Grunneigarlag DA

8. Vedlegg:

8.1 Oversikt alternative løsninger

8.2 Oversiktsplan alternative løsninger

8.3 Traséer og påkoblingspunkt

8.4 Myklebustdalen mulige løsninger